



Innkalling av Formannskapet

Møtedato: 22.11.2016
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 12:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
062/2016	Godkjenning av innkalling og saksliste
063/2016	Godkjenning av møtebok
064/2016	Referatsaker
065/2016	Orienteringssaker
066/2016	Betaling for kommunale tenester 2017
067/2016	Budsjett og økonomiplan 2017 - 2020
068/2016	Busetting av flyktningar 2017

14. desember 2016

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/310

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
062/2016	Formannskapet	PS	22.11.2016

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/310

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
063/2016	Formannskapet	PS	22.11.2016

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/310

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
064/2016	Formannskapet	PS	22.11.2016

Referatsaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
064/2016.1	Tillatelse til midlertidig senkning av Nedre Åsebotsvatnet nov.2016. NVEs referanse: 201605750-2

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Vedlegg:

201605750-2Tillatelse til midlertidig senkning av Nedre Åsebotsvatnet nov.2016

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/310

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
065/2016	Formannskapet	PS	22.11.2016

Orienteringssaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
065/2016.1	Tildeling av driftskonsesjon for Otterstad sandtak

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Konsesjonsområde Otterstad sandtak

Driftsplan Otterstad sandtak

Tildeling av driftskonsesjon for Otterstad sandtak

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Neset	FE - 231	15/307

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2016	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	21.11.2016
066/2016	Formannskapet	PS	22.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Betaling for kommunale tenester 2017

Forslag til vedtak:

Satsar for kommunale tenester 2017 vert godkjent slik dei ligg føre i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2017»

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samband med handsaminga av årsbudsjettet har rådmannen gått gjennom betalingsattsane for kommunale tenester, og lagt inn ei justering av satsane. Alle satsar er samla i eit dokment for å gje ei brukarvenleg og oversiktleg framstilling av kva dei ulike kommunale tenestene kostar.

Vurdering

Ved justering av satsane for 2017 har rådmannen lagt til grunn ein generell auke i satsane på ca 5 %. For å kunne gje eit bilete av korleis betalingsattsane har utvikla seg dei siste åra er det laga ei oversikt som viser satsane frå 2013 og fram til i dag. Kvart område vert ikkje kommentert i dette saksframlegget, men områder der det er framlegg til endringar, eller potensiale til meirinntekt vert nevnt.

Barnehage: Det er føreslege ei auke på 5% som vil gje foreldrebetaling på kr. 2.100,- pr. md for heiltidsplass. Me ligg framleis under nasjonal maksprispengse, som i 2017 er på kr. 2.730,-. Det er no etablert gode nasjonale ordningar som ivaretek familiar med låg inntekt. Dersom ein aukar til makspris vil familiar med ei inntekt under 486.000,- kunne få reduksjon i foreldrebetalinga. Argumenta for å liggje under nasjonal maksprispengse har med dette vorte færre. Det ligg eit unyttta potensiale her til å auke satsane til makspris, og slik auke inntektene i barnehagen med 100 - 120.000,-.

Bryggjeslottet: Her er det føreslege auke på dei tilboda der det er mest etterspurnad, medan andre

tilbud er føreslegne uendra. Oversikta viser endringane som er føreslegne.

Renovasjon: Renovasjonsgebyret er føreslått redusert med 40 kroner. Dette er pga reduksjon i transportutgifter.

Konklusjon

Rådmannen si tilråding er at betalingssatsane vert jusetert i samsvar med framlegget.

Vedlegg:

Betalingssatsar 2017 framlegg

Oversyn over betalingssatsar 2013 - 2017

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE - 151	16/153

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
	Administrasjonsutvalet	PS	
004/2016	Arbeidsmiljøutval	PS	21.11.2016
009/2016	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	21.11.2016
067/2016	Formannskapet	PS	22.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Budsjett og økonomiplan 2017 - 2020

Forslag til vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020 vert vedteke slik det ligg føre
2. Liste over småinvesteringar i budsjettdokumentet vert godkjent og skal innarbeidast i talbudsjett og rammer for 2017
3. Eigedomsskatt 2017
 - a. For eigedomsskatteåret 2017 vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c.
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
 - c. Eigedomsskatten for 2017 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
4. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 300 000 for 2017. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen legg fram sak om budsjett og økonomiplan 2017 – 2020 til handsaming i formannskapet.

Formannskapet skal handsame framlegget og gje innstilling til vedtak i kommunestyret.

Vurdering

Dei økonomiske utsiktene syner strammare økonomi gjennom heile økonomiplanperioden på grunn av stor venta reduksjon i eigedomsskatteinntekta. Det er såleis behov for innstramming og strengare prioriteringar utover i planperioden

Det vert vist til budsjett-/økonomiplandokumentet, med kommentarar, oversyn og tabellar.

Konklusjon

Rådmannen legg fram budsjett og økonomiplan for planperioden og synleggjer eit behov for å justere/tilpasse drifta til eit redusert inntektsnivå.

Vedlegg:

Søknad frå Mo sokn om driftstilskot for 2017.

Budsjett - økonomiplan 2017-2020 - framlegg frå rådmannen v. 14.11.16

Talbudsjett 2017 - Vedlegg

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Neset	FA - L71, TI - &73, HistSak - 12/331	14/276

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
068/2016	Formannskapet	PS	22.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Busetting av flyktningar 2017

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vil ta imot 5 flyktningar slik IMDi ber om i 2017, men må koma attende til konkret tidspunkt for mottak når bustads situasjonen er avklart.

Ut frå tilgang på bustader og integrering i lokalmiljøet ønskjer Modalen kommune primært å busetje familiar, og ber IMDi ta omsyn til dette.

Rådmann får delegert mynde til å bestemme når tid kommunen er klar til å gjennomføre busettinga.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune har i kommunestyresak 013/2016 sagt ja til å ta imot 12 flyktningar i 2016. Dette vedtaket er innfridd ved at 3 familiar er busette i Modalen i løpet av dette hausthalvåret. Plantal for 2017 var sett til 8 flyktningar. I brev frå Fylkesmannen denne hausten, er behovet for busetjing nedjustert, og Modalen kommune vert no beden om å ta imot 5 flyktningar i 2017.

Vurdering

2016 er fyrste året Modalen kommune har teke imot flyktningar for busetjing. For å sikre ei best mogeleg integrering har ein i planleggingsfasen gjort dette:

- inngått avtale med Masfjorden kommune om ein felles flyktningkonsulentstilling (start mai 2016)
- tilsett lærar i norskopplæringa i 100% stilling (start august 2016)
- informasjonsmøte for befolkninga (september 2016)
- fellesmøter for tilsette som kjem tett på flyktningane
- avtale med Hero tolketjeneste om bruk av telefontolk

- tolkekurs for tilsette som skal nytte tolketeneste

Dei 2 fyrste familiane er busette på Kyrkjeteigen og Kleivane. Siste familie vert busett på Øvre Helland i fyrste del av desember 2016. Fyrste fase av av busetjinga har gått fint, og fleire er allereie i gong med norskopplæring og språkpraksis.

Kva omsyn må me ta når me skal vurdere ny busetnad?

- tilgang på bustader
- personell til koordinering og oppfølging
- norskopplæring
- tilgang på språkpraksisplassar
- arbeid og sosialt liv
- økonomi

Bustad

Modalen kommune har eit avgrensa tal bustader tilgjengeleg for utleige. Den private bustadmarknaden er svært avgrensa. Bustad er difor eit kritisk punkt i busetjinga. Når siste familie er busett i desember har kommunen berre 1 ledig husvære til å dekke alle behov som kan kome. Det kan vere ulike behov kommunen må prioritere, slik som behov for husvære til eigne tilsette, til næringslivet, private i ei krise m.m. Siste året har ein hatt «reserverte bustader» ståande i påvente av at flyktingane skulle koma. Det er uheldig når me må seie nei til andre som henvender seg og ynskjer å leige husvære samstundes som det står husvære ledig. Dette kan skape ei negativ stemning rundt busetjinga. Det er likevel ikkje godt å gjere dette på andre måtar, for ein veit ikkje nårtid på året flyktingane kjem.

Personell

Modalen kommune har avtale med Masfjorden kommune om flyktingekonsulentstilling. Slik sett er koordineringa godt ivareteken. Me har også tilsett lærar i norskopplæring, og har etablert ein god opplæringsbase ved Mo skule. Det er også kapasitet i både barnehage og skule til fleire born.

Det er positivt med nye famliar så lenge me klarer å få dei til å verte ein del av samfunnet og bygda. Å ta imot familiar aukar sjansane for at familiane klarer å verte integrert i bygda. Borna får vener på skule og barnehage, og gjennom foreldresamarbeidet vert det etablert kontaktar. Det er positivt for både skule og barnehage å få påfyll med barn, og slik halde oppe barnetalet.

Språkpraksis og arbeid

Eit meir kritisk punkt er tilgangen på språkpraksisplassar og arbeid. Det er begrensa tilgang på språkpraksisplassar, og her må både kommunale og private arbeidsplassar tenkja kreativt og bidra til at flyktingane får koma ut av klasserommet og i arbeid der dei får praktisert norsk. Etter fullført norskopplæring og språkpraksis er det forventa at flyktingane skal kunne livnære seg sjølv gjennom ordinært arbeid. Dette krev at dei klarer å få seg arbeid. For at dei skal verte buande i kommunen over tid er arbeid ein suksessfaktor i integreringa.

Økonomi

Reint økonomisk burde busetjinga vore lagt opp slik at ein får utnytta den personellressursen ein har i oppfølginga best mogeleg. I eit slikt perspektiv er ein familie i året for lite til å få ei effektiv utnytting av ressursane. 2 familiar pr år hadde gjort det lettare å få ein økonomisk balanse i busetjinga. Likevel

er det faktorar som talar mot å busetja 2 familiar pr. år, der bustad og arbeid er dei elementa som syner klarast.

Busetjingsbehovet

Fylkesmannen skriv i sitt brev at «Busettingsbehovet er lågare enn tidlegare plantal frå IMDi. Færre asylsøkjjarar til Noreg og færre som vert innvilga opphald er hovudårsakene til at behovet har gått ned.» Det opprinnelege talet Modalen var oppmoda om å ta imot var 14. Dette talet er for høgt til at me kan sikra ei god busetjing og integrering. Når talet no er nedjustert til 5 er det meir handterbart.

Konklusjon

Rådmannen innstiller på at Modalen kommune tek imot 5 flyktningar i 2017.

Vedlegg:

Oppmoding om busetting av flyktningar 2017